



Kortpumpa vil avløysa denne pumpa på Sandakaien om eitpar veker. (Foto: Ola Matti Mathisen)

SPAR tok tysdag over dieselsalet til båtfolket att etter at båtlaget har hatt det i to år.

Båtlaget fann at det var for lita fortjeneste på salet samanlikna med innsatsen. I fjor tente dei berre 7.000 på dieselpumpa, vart det opplyst under eit møte i vår.

- Dette er eit stort økonomisk løft, men vi såg ingen annan utveg. Vi kjenner eit ansvar for at båtfolket skal få diesel også når dei kjem hit til Uskedalen og det ansvaret tek vi, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no.

Ho opplyser at dei har bestilt kortpumpe slik at salet skal kunne skje døgnet rundt. Inntil pumpa blir montert om rundt to veker vil SPAR-ansatte ta seg av den manuelle dieselfyllinga.

- Kor stor er denne investeringa?

- Kortpumpe vil faktisk kosta mellom 150.000 og 200.000 kroner. Med andre ord er det små sjansar for at vi kan tena ho inn att. Dette er ei rein serviceteneste, seier Bente Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen